

Klage på søknad om endring av <<Detaljplan Midtgard>>, plan ID 1263-20051512

Vi har motteke ein søknad om endring av tomter i Naustdalslia. I brev frå Lindås kommune kjem det fram at dette vert rekna som mindre endringar. Ifølgje utrabeida ny plan frå Arcoconsult kjem det fram at dei endringane grunneigar søker om er blant anna fri kotehøgde og heva gesimshøgde. Dette er ikkje endringar me ser på som små.

Å få fri kotehøgde og heva gesimshøgde vil føre til at grunneigar kan byggje og plassere huset høgt, i forhold til andre hus rundt. Dette vil ha stor påverknad for oss og naboar, med tanke på sol forhold og innsyn. Som ein konsekvens vil dette også føre til eit stort verditap på vårt og andre hus.

Me ser at kotehøgda slik det er teikna inn på kartet i dag er 37 m, dette er slik me har forstått berre eit eksempel og kan lett endrast på, dersom fri kotehøgde vert innvilga.

Det er også viktig at det vert naturleg trapping opp/ned i terrenget i eit byggjefelt og ber om at dette vert tatt med i vurderinga.

Me synes ikkje at gang og sykkelsti skal verte brukt som bilveg til og frå huset. Dette er ein veg som blir brukt mykje av mjuke trafikantar.

Med venleg helsing

Susanne Moe Naustdalslia 2
Espen Nordheim Naustdalslia 2